



Thomas Toffing  
Soltveitvegen 15  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1816 - 23/18713

Saksbehandlar:  
Roba Alserhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
08.03.2023

## Fritak frå kravet om gjødselplan gbnr 133/1 Soltveit søndre

**Administrativt vedtak: Saknr: 269/23**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Thomas Toffing dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.04.2028 for gbnr 133/1 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.**

### **Saka gjeld:**

Føretaket **Thomas Toffing** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 133/1.

Drifta er 11 vinterfora sau. Søkjeren samlar ikkje husdyrgjødsel fordi han har sauer som går ute heite året.

Søkjeren eig 2,3 daa overflatedyrka mark, 1,9 daa innmarksbeite og leig også 9,4 daa innmarksbeite. Søkjeren brukar ikkje kunstgjødsel.

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

### **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/1816 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Alserhan  
Rådgevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Thomas Tofting

Soltveitvegen 15

5911

ALVERSUND